

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 24.06.19

Vår ref. 613/19/BSI/5.7.1.2

Dykkar ref.: Sjø/19/002311-7

Seawork Kabel AS

e-mail
kabel@seaworks.no

LINDÅS, SPJELDOSEN OG GRUNNEFJORDEN – SØKNAD OM SJØKABEL.

Viser til brev av 16.06.19, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfør/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit.

Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre! «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.

Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.



Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar. Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Spjeldosen og Grunnefjorden

Det er her søkt om å leggja sjøkabel parallelt med eksisterande trasè frå Veråsvegen til Naustvika. Eksisterande landtak skal nyttast.

I høve vedlagde kart frå Fiskeridirektoratet ligg det allereie fleire kablar/røyr i området.

Det er, på Fiskeridirektoratet si nettside, registrert område for passiv reiskap som nemnd i søknadspapira. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert då ein har «nye» fiskeri som t.d. leppefiske og fiske etter kreps.

Me går ikkje i mot sjøkabeltrasèen under føresetnad av at det ikkje blir ankringsforbod i området og at kabelen blir lagt utan heng, slik at ein fortsatt kan fiske i området. Ein føreset at kabelen ikkje er laga av materiale som kan forureina naturmiljøet i sjø.

Fiskarane fråskriv seg alt ansvar om ein under fiske ved ei uthell skulle setje fast reiskap i kabelen. Fiskarane må òg få erstatta eventuell skade på fiskereiskap/fisketap.


Kabelen må registrerast på sjøkartet, slik det står i søknaden.

Om Telenor sin gamle kabel, som går omtrent i same trasè mellom landtaka ikkje skal nyttast lenger bør den fjernast, slik at ein ikkje nyttar havbotn som søppelplass.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø
Britt Sæle Instebø

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Vestland
Fiskeridirektoratet region Vest
Lindås kommune



15.6.2019

Yggdrasil - Fiskeri

